



Kommunen sin årlege rapport om grunnskulen 2010



Entreprenørskap i praksis. 2. klasse på potetopptaking hjå Erling Holen.

Innholdsliste

Innleiing	2
Tilsette	3
Elevar fordelt på årssteg pr 01.09.2010	3
Gjennomsnittleg gruppestorleik inklusiv spes.ped. og framandspråklege	3
Elevundersøkinga 7. årssteg	4
Elevundersøkinga 10. årssteg	4
Nasjonale prøver 5. årssteg	4
Nasjonale prøver 8. årssteg	5
Nasjonale prøver 10. årssteg	5
Grunnskulepoeng	5
Eksamen skriftleg prøve	5
Eksamen munnleg prøve	5
Overgang til vidaregåande skule	5
Spesialundervisning	6
Særskild norskopplæring for framandspråklege	6
Utviklingsplanar for skulane	7
Klagesaker	7
Kompetanseheving for personalet	8
Sats på skulen snu Sogn	8
Tilsyn frå fylkesmannen	9
SFO og leksehjelp	9
Medarbeidarsamtalar, arbeidsmiljøkartlegging og sjukefråver	9

Innleiing:

I følgje opplæringslova § 13-10 skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnopplæringa.

Rapporten skal drøftast av skuleeigar som i dette tilfellet er kommunestyret.

Rapporten bør knytast til dei måla og indikatorane for kvalitet som går fram av Stortingsmelding 31 – Kvalitet i skulen.

I tillegg kan rapporten omtale andre tilhøve som skuleeigar meiner er formålstenleg ut frå lokale behov.

Rådmannen har valgt å følgje malen frå sist år for å ha eit best samanlikningsgrunnlag frå år til år. Det vert såleis rapportert slik :

Det som gjeld elevane

- Tal tilsette
- Tal elevar fordelt på årssteg
- Kontaktlærargrupper
- Kartleggingsprøver i lesing og rekning 1. – 3. årssteg
- Elevundersøkinga
- Nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk
- Grunnskulepoeng
- Eksamen 2010 – skriftleg prøve
- Eksamen 2010 – munnleg prøve
- Overgang til vidaregåande skule
- Spesialundervisning
- Særskild norskopplæring for framandspråklege
- Utviklingsplanane for skulane
- Tilsyn frå fylkesmannen
- SFO
- Leksehjelp

Det som gjeld dei tilsette

- Medarbeidersamtalar/arbeidsmiljøkartlegging/sjukefråver
- Kompetanseheving – vidareutdanning og etterutdanning

Prosjekt

- Sats på skulen – snu Sogn

Tal tilsette pr 01.09.2010

	Leikanger barneskule	Leikanger ungdomsskule	Samla
Årsverk administrasjon	1,40	0,79	2,19
Årsverk lærarar	19,09	9,31	28,4
Årsverk assistentar	3,15	0,23	3,38
Tal lærarar	27	12	39
Tal elevar	212	84	296
Tal kontaktlærarar	16	6	22
Tal basisgrupper *	14	6	

* Relativt faste grupper

I tillegg til ordinær undervisning har Leikanger barneskule 75 årstimar fysisk aktivitet fordelt på 5. – 7. årssteg.

Elevar fordelt på årssteg pr. 01.09.2010 (GSI-tal)

Årssteg	1.	2.	3.	4.	5.	6.	7.	8.	9.	10.	Samla
LBS	26	27	33	48	27	29	22				212
LUS								25	27	32	84

Klassetalet på ungdomsskulen gjekk ned også i 2010

Gjennomsnittleg gruppestorleik – elevar pr lærar – undervisningsrelaterte årsverk (Kostra/skoleporten) inklusiv spesialundervisning og framandspråklege

	Leikanger		Kommunegruppa		Fylket		Landet	
	2009	2010	2009	2010	2009	2010	2009	2010
1.- 7. årssteg	15,4	11,7	10,9		10,7	10,3	13,0	12,6
1. -4. årssteg		12,0		11,0		10,5		13,0
5. -7. årssteg		11,4		11,2		10,6		13,0
8. – 10. årssteg	14,9	14,7	12,5	12,5	12,7	12,7	14,6	14,7

Den gjennomsnittlege gruppestorleiken har gått ned både på alle trinn, men den store auken i lærartettleiken har kome på barneskulen – i ordinær undervisning som synt under.

Lærartettleik i ordinær undervisning når spesialundervisning og framandspråk er unnateke, fjoråret i parantes

	Leikanger	Fylket	Landet
1.- 7. årssteg	15,7 (19,7)	14,1 *	17,1 *
8. – 10. årssteg	16,0 (16,7)		

* Gjennomsnitt 1. – 10. årssteg

Elevundersøkinga 2009/10 og 2010/11 – 7. årssteg Leikanger barneskule

	Leikanger		Sogn og Fjordane		Landet	
	2009/10	2010/11	2009/10	2010/11	2009/10	2010/11
Sosial trivsel	4,2	4,5	4,4	4,5	4,4	4,4
Trivsel med læraren	3,8	4,6	4,2	4,2	4,1	4,1
Meistring	3,9	4,0	3,9	3,9	3,9	3,9
Elevdemokrati	3,2	3,1	3,8	3,7	3,6	3,6
Fysisk læringsmiljø	2,7	3,3	3,5	3,5	3,2	3,2
Mobbing	1,1	1,3	1,4	1,4	1,4	1,4
Motivasjon	4,0	4,5	4,2	4,2	4,2	4,2
Fagleg rettleiing	3,1	3,6	3,5	3,6	3,4	3,4

Med så lite talmateriale som det er i skulane vår, gjerne med berre ein klasse på kvart årssteg vil svara frå kvar enkelt elev gje relativt store utslag. Elevundersøkinga viser skilnad mellom dei to 7.klassestega sine opplevingar av skulekvardagen. Trivsel, fysisk læringsmiljø, motivasjon og fagleg rettleiing scorar lægre i 2009/2010 enn året etter, men lenger nede ser vi at dette årssteget som scorar lågt på trivsel og læringsmiljø ligg godt over gjennomsnittet på nasjonale prøver.

Det er og grunn til å merke seg at steget opplever svært lite mobbing, og at følelsen av meistring er god.

Elevundersøkinga 2009/10 og 2010/11 – Leikanger ungdomsskule – 10. årssteg

	Leikanger ungd.skule		Fylket		Landet	
	2009/10	2010/11	2009/10	2010/2011	2009/10	2010/11
Sosial trivsel	4,3	4,3	4,4	4,3	4,3	4,3
Trivsel med læraren	3,6	3,9	4,0	3,9	3,7	3,8
Meistring	3,7	3,9	3,9	3,9	3,8	3,8
Fagleg utfordring	4,4	4,1	4,2	4,1	4,1	4,1
Elevdemokrati	3,0	3,4	3,3	3,2	3,2	3,2
Fysisk læringsmiljø	3,1	3,5	2,9	2,8	2,7	2,8
Mobbing	1,3	1,2	1,3	1,4	1,4	1,4
Motivasjon	3,9	3,9	3,9	3,8	3,8	3,8
Fagleg veiledning	2,7	3,6	3,1	3,2	3,1	3,1
Medbestemmelse	2,5	2,9	2,5	2,5	2,4	2,4
Karrierettleiing	3,6	3,6	3,8	3,7	3,6	3,6

Også på ungdomstrinnet kjem variasjonane mellom årsstega til syne, men gjennomgåande har elevane god motivasjon og opplever relativt store faglege utfordringar i skulekvardagen. Skulen har jobba systematisk med system for undervegsvurdering og fagleg rettleiing – som no er teke i bruk.

Nasjonale prøver Leikanger barneskule 2010/11-5. årssteg

	Leikanger barneskule	Fylket	Landet
Engelsk	1,8	2,0	2,0
Lesing	2,0	2,0	2,0
Rekning	2,0	2,1	2,0

Nasjonale prøver Leikanger ungdomsskule 2010 /2011 – 8. årssteg

	Leikanger u.skule	Fylket	Landet
Engelsk	3,4	3,1	3,0
Lesing	3,2	3,1	3,1
Rekning	3,5	3,3	3,3

Nasjonale prøver Leikanger ungdomsskule 2010/2011 – 9. årssteg (Resultata frå året før i parantes)

	Leikanger u. skule	Fylket	Landet
Engelsk	X (3,3)	X (3,1)	X (3,0)
Lesing	3,9 (3,4)	3,6 (3,2)	3,5 (3,1)
Rekning	4,0 (3,6)	3,6 (3,3)	3,4 (3,1)

Grunnskulepoeng 2010

	Leikanger u.skule	Fylket	Landet
Resultat av standpunkt i alle fag	40,2	41,3	39,9

Eksamen 2010 – skriftleg prøve

	Leikanger u.skule	Fylket	Landet
Engelsk	4,1	4,1	3,8
Norsk hovudmål	3,8	3,6	3,5
Norsk sidemål	3,9	3,9	3,3

Eksamen 2010 – munnleg prøve

	Leikanger u.skule	Fylket	Landet
Engelsk	4,8	4,5	4,4
Tysk	4,6	4,2	4,1
Naturfag	5,0	4,2	4,3
Norsk	4,5	4,5	4,4

Overgang til vidaregåande skule - 2010

	Leikanger	Fylket	Landet
Overgang frå u.sk til vg.sk	100	98,8	96,6

Fortel om prosentdelen av elevar som er registrert i vidaregåande opplæring same året som dei er uteksaminerte frå grunnskulen.

Spesialundervisning

	LBS	LUS	Leikanger kommune	Sogndal	Kommune -gruppe 2.	Fylket	Lande t
Tal elevar med enkeltvedtak	27	16					
Tal elevar med full ekstraressurs	5	0					
% del elevar med enkeltvedtak 1. – 4. klasse	13,4			12,4			
% del elevar med enkeltvedtak 5.-7. klasse	12,8			17,9			
% del elevar med Enkeltvedtak 8. – 10. klasse		19,0		12,8	10,0	10,7	10,7
Timar til spesial - undervisning i % av det totale timetalet			22,2	24,6			

Klagesaker

Kommunen hadde ikkje klagesaker på spesialundervisning etter opplæringslova i 2010

Særskild norskopplæring for framandspråklege

Leikanger barneskule hadde i følgje GSI registreringa 7 framandspråklege elevar pr. 01.10.2011. Av desse var 2 frå Thailand, 2 frå Eritrea, 2 frå Polen og 1 engelskspråkleg. Leikanger ungdomsskule hadde 3 framandspråklege elevar hausten 2010 – alle frå Polen

Utviklingsplanane for skulane

Utviklingsplanane vart framlagde for kommune styret i sak 19/10

Vurdering – system LUS	Leikanger ungdomsskule har utarbeidd kriterie for måloppnåing i alle fag,
Læreplanverket – måloppnåing i fag LBS	Leikanger barneskule har arbeidd med kriterie for måloppnåing i basisfag og sosial utvikling på småskulesteget. På mellomsteget har ein jobba med kriterie for måloppnåing i alle fag. Dette arbeidet har hatt form som ei utprøving, og endeleg vurderingsplan for barneskulen vil føreliggja våren 2011.
Overgangar	Det er utarbeidd plan for overgang barnehage/skule og nedfelt skriftlege rutinar for overgang barneskule/ungdomsskule
Entreprenørskap	Skulane føl opp vedteken plan for entreprenørskap Leikanger ungdomsskule gjennomførte nytt opplegg med gründerdagar på skulen i samarbeid med Ungt Entreprenørskap og NHO der ein kåra beste elevbedrift

IKT	<p>Begge skulane jobbar aktivt med vidareutvikling innafor IKT –området.</p> <p>Begge skulane har hatt fast datatid for personalet 1 t/v gjennom året.</p> <p>Begge skulane har teke i bruk smartboard som pedagogisk hjelpemiddel.</p> <p>Begge skulane nyttar Fronter.</p> <p>Begge skulane nyttar SATS som skuleadministrativt system</p>
Prosjekt	<p>Leikanger barneskule kom med i «Den naturlege skulesekken» i 2010 og fekk 50 000kr i prosjektmidlar til prosjektet «Mat og matlaging i naturen». Naturfagsenteret, Nasjonalt senter for naturfag i opplæringa, står bak. Ved barneskulen har midlane vorte brukte til utarbeiding av undervisningsopplegg, kompetanseheving og kjøp av utstyr. Mellom anna stod 5. klassesteg bak tillaging og røyking av om lag 30 laksar til jula 2010. Prosjektet blir vidareført i 2011.</p> <p>Leikanger ungdomsskule avslutta i 2010 språkprosjektet med Austerrike. Dette var comeniusprosjekt med støtte frå EU. 20 elevar var på utveksling i Weiz i to veker i april der seks lærarar var med. Utfordringar knytt til oskeskya frå Island gjorde at reisa vart ekstra spennande og lærerik.</p>

Sats på skulen – snu Sogn

Skulane føl opp satsingsområda i Sats på skulen – snu Sogn. Alle lærarane på begge skulane deltek i fagnettverk.

Rektor på LUS drifrar ungdomsskulenettverka i reionen og har teke ansvar for eitt fag i tillegg. Leikanger barneskule har frå 2010 teke ansvaret for barneskulenettverket i matematikk.

Kompetanseplanane for skulane

Kompetanseplanane vart framlagde for kommunestyret 18/10

Ein lærar ved Leikanger ungdomsskule fullførte 30 studiepoeng i norsk skuleåret 2010/2011. Han hadde fått opptak gjennom statleg ordning der fylkesmannen/staten betalar 50 % av kostnadane.

To lærarar ved Leikanger barneskule starta opp med masterutdanning i læring og undervisning, den eine med fordjupning i norsk, den andre i matematikk .

1 lærar på barneskulen og 1 pedagog frå barnehagen starta opp 30 studiepoeng spesialpedagogikk vidareutdanning ved høgskuleutdanninga på Sandane.

Våren 2010 gjennomførte alle lærarane på ungdomsskulen og nokre frå barneskulen kurs i bruk av smartboard.

Tilsyn frå fylkesmannen

Det har ikkje vore ordinært tilsyn frå fylkesmannen på skuleområdet i 2010

SFO og leksehjelp

Leikanger barneskule har gjennomført lovfesta leksehjelp med 8 t/v fordelt på 1. – 4. klasse frå hausten 2010. Det har vore stor deltaking på leksehjelpsgruppene.

I tillegg har elevar i 5. – 7. klasse fått leksehjelp etter søknad.

Ved Leikanger ungdomsskule har det vore eit generelt tilbod om leksehjelp for alle 2 gonger i veka – og for dei med særskild søknad 2 gonger i veka ekstra. Dei framandspråklege er med på siste gruppa. Til tider har denne gruppa vore opp i 16 deltakarar.

Tilsette

Medarbeidarsamtalar	Det har vore gjennomført medarbeidarsamtalar med alle tilsette på LUS Barneskulen gjennomfører medarbeidar samtalar med alle over ein 2-årsperiode. Dette inkluderer SFO- personale , assistentar og reinhaldspersonale. Rektor gjennomfører 3 samtalar med alle nytilsette innafor ein periode på om lag 6 månader. (retteiing til nytilsette)		
Arbeidsmiljøkartlegging	Det var gjennomført arbeidsmiljøkartlegging i 2010 for alle sektorane i kommunen, og den er i følgje rektorane aktivt oppfølgt på institusjonsnivå.		
Sjukefråver			
	LUS	LBS	Kommunen
2008	4,7	4,4	6,8
2009	12,9	8,0	7,5
2010	4,9	3,1	5,3